

faren for ras under anleggsperioden. Det er derfor svært viktig for oss at røyra vert lagt lengst mogleg mot vest og utenfor flaten vår.

I tabell 15 – ras/flaum/erosjon – vert dette problemet oppfatta som ubetydeleg av søkjar, noko som vi er sterkt usamde i.

### 3. Vi ynskjer minst mogleg transport av anleggsmaskiner etc. over sentrale deler av vår tomt.

Vår veg er delvis utfylt i bratt skråning med grunn som omtala under pkt. 2. Denne vegen tåler truleg ikkje tung belastning.

### 4. Vatn, kloakk frå vår eigedom.

Desse røyra går frå vårt hus og på skrå til kommunal tilknytning nær riksvegen nær der turbinrøyret vil kryssa vegen. Vi er ikkje kjent med nøyaktig posisjon av vårt vatn/avløp. Om nødvendig ventar vi at det vert opparbeidd ei mellombels løysing i anleggstida. Det samme gjeld også for bilvegen til Udomshuset og vidare oppover til vårt hus.

### 5. Opprydding av gammalt anlegg.

Eigaren av gammalt anlegg er Hardanger Energi som er ein av søkarane til det nye anlegget. Vi tykkjer det er underleg at dette punktet ikkje er tatt med i søknaden. På vår eigedom er det to røyr, dels frittliggande, mest nedgravde, samt minst to synlege betongklossar. Vi ynskjer området tilbakeført til slik det var før utbygginga. Vegen vår er bratt og vanskeleg og desse installasjonane er til hinder for ein betre og mindre bratt trasè.

Søknaden inneheld heller ikkje noko om gammalt anlegg på naboeigedommen, mellom oss og damanlegget. Vi etterlysar planar for å fjerna røyrene, sikre tunnelutslag, sikre tunnelinnslag samt fjerning av betongdemning. Den representerar ein fare spesielt for born og ved uventa flaum i Tyso.

### 6 Pkt. 2.5: Fallrettar under kote 70,.

Her kjem det fram at BKK Produksjon eig fallrettane. Sidan vår familie har kjøpt eigedomen etter at det eldste kraftverket kom i drift, vil vi be om dokumentasjon på at BKK Produksjon eig fallrettane og at tidlegare grunneigarar er betalt for dette.

### Resyme:

Vi er positive til utbygging av Tyso kraftverk og ynskjer ei minnelig ordning for ei utbygging som har store konsekvensar for vår eigedom. Primært ynskjer vi tunnel for heile lengda av trasèen, eit alternativ som ikkje er utreda i søknaden. Då vil vår bekymring om erosjon/ras/skadar i anleggsperioden og konsekvensar av eventuell røyrløkkasje i ettertid, vera ubegrunna. Vi ynskjer minst mogleg transport av anleggsmaskiner over sentrale deler av vår tomt. Vi etterlyser ein plan for fjerning av gamle røyr/betongklossar på vår eigedom, og sikring/fjerning av tilsvarande anlegg mellom oss og demningen, og inklusiv denne. Ynskjer dokumentasjon på at BKK eig fallrettane på vår eigedom.

Med helsing for sameiga 69/20:

Sjur Sponheim

Per Sponheim

Annlaug Sponheim Vik

